

Dato: 26.10.2017

Emne:	Gamle Valen kraftverk - dokumentasjonsprosjekt	
Til stades:	<ul style="list-style-type: none">• Frå Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum: Terje Kollbotn og Dag Endre Opedal• Frå HFK v/Kulturavd.: David J Aasen Sandved og Ole Vegard Skauge• Frå HFK v/Eigedomsavd.: Guro Klyve• I tillegg møtte Ingebjørg Engel Astrup, tidl. HFK, og Johnny Stiansen, styreleiar i Valen Kraftverk AS	
Referent	Guro Klyve	
Møtetid:	26.10.2017 kl 12 – 14.30	Møtestad: Fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 i Bergen, 4. etg.

1. Presentasjon av dokumentasjonsprosjektet Valen kraftverk

På Valen i Sunnhordland er det 3 kraftverksbygningar. Kraftstasjon 1 vart bygd i fleire etappar frå 1908, og var i drift frå 1910 til 1956. Kraftstasjon 2 var i drift frå 1939 til 2008, og kraftstasjon 3 har vore i drift sidan 2008.

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) i Tyssedal fekk i 2015 i oppdrag av Hordaland fylkeskommune å utarbeide ein dokumentasjonsrapport over kraftstasjon 1 og 2. Den første kraftstasjonen vart bygd for å forsyne Valen sjukehus med elektrisitet, og det var det første sjukehuset i Noreg med elektrisk oppvarming.

Prosjektgruppa har lagt ned eit imponerende arbeid med gjennomgang av arkivmateriale, registrering av gjenstandar, intervju og dokumentasjon av heile kraftverket. Dei har fått mykje verdfull informasjon frå Valestiftinga. Prosjektgruppa har i tillegg utført fotografering og videofilming med helikopter, dronefilming og fotogrammetri.

Dokumentasjonsprosjektet er no ferdig. NVIM v/Terje Kollbotn (prosjektleiar) og Dag Endre Opedal (prosjektmedarbeidar - video og nettfremidling) hadde ein glimrande og inspirerende gjennomgang av prosjektet i møtet.

Terje Kollbotn presenterte først sjølve prosjektet og hovudrapporten.

Deretter gjekk Dag Endre Opedal gjennom foto- og filmmateriale, inkl. 360 graders foto, og viste oss fotogrammetri (3D-modell) samt prosjektet på nett.

Mykje av materialet er gjort tilgjengeleg på internett via www.vasskrafta.no/valen og på www.nvim.no.

Etter presentasjonen var det spørsmål og kommentarar. Ut frå kommentarane vil prosjektgruppa mellom anna lage skjema med nøkkeltall for kvar av dei tre kraftstasjonane (årsproduksjon, fallhøgde osv.)

2. Gjennomgang og drøfting av nokre aktuelle forhold

NVIM vil med det første halde ein presentasjon av prosjektet på Valen saman med Valestiftinga. Sunnhordland Museum vil verte invitert, og det vil verte avtalt tidspunkt saman med dei. Det vil òg gå ut invitasjon til Valen kraftverk AS samt til HFK v/Kvinnherad vgs, Egedomsavd. og Kulturavd.

Alle i møtet var samde om at jo meir tilgjengeleg prosjektet er, jo betre. Det kan såleis spreiaast ut på andre nettstader, og prosjektgruppa vil mellom anna kontakte HFK v/Kommunikasjonsseksjonen slik at dei på HFK sine nettsider kan legge ein link til www.vasskrafta.no/valen.

Kapittel 4 i hovudrapporten omhandlar «Søk i arkivet». Det må takast stilling til korleis arkivet etter Valen kraftverk best kan takast vare på og gjerast meir tilgjengeleg. HFK v/Kulturavd., inkl. konst. fylkesarkivar Elisabeth Bjørsvik, vil sjå nærare på dette.

I kapittel 5 i hovudrapporten er gjenstandar tilhøyrande kraftstasjon 1 og 2 omhandla. Desse er nummererte og merka og er samla i kraftstasjon 1 og dels i 2. Konklusjonen i møtet var at gjenstandane bør stå der dei høyrer til, og dette gjeld særleg for den eldste kraftstasjonen. Nokre av gjenstandane kan i tillegg ha nasjonalhistorisk verdi (ut over det å ha høyrte til eit kraftverk), og prosjektgruppa vil trekke inn Sunnhordland Museum og Valestiftinga i denne diskusjonen.

Når det gjeld gamle og nye foto samt filmmateriale, vil dette verte lagt ut digitalt. Det er all grunn til å tru at gamle foto frå Valen kraftverk er tatt av tilsette og såleis er eigd av HFK som eigar av kraftverk 1 og 2. Prosjektgruppa vil lage forslag til avtale med HFK som gir NVIM rett til å legge dei ut på nettstaden "Digitalt museum" og nytte dei i anna formidling av Valen kraftverk.

Det vil vere dialog mellom Egedomsavd. (Merete Hauge) og Kulturavd. i HFK med omsyn til korleis kraftstasjon 1 og andre utvalde delar av kraftanlegga på Valen kan takast vare på og verte restaurert (sjå kapittel 9 i hovudrapporten), og der ein også ser på ulike måtar å formidle historia til kraftstasjonane på ut over nettstaden www.vasskrafta.no (sjå kapittel 11 i hovudrapporten).